

# FAU-møte Riska ungdomsskule 04.04.16

Tilstades: Representantane frå: 7., 8a,b,c,d, 9a,b,c, 10 b,c,d.

Ikkje tilstades: Yngve Solheim, 10 a, Hilde Hetland , 8d ( vararep. Magnhild Arnø var tilstades)

## Rektor informerer:

Kantine-betaling: Skulen vil starta med kortbetaling, som på buss og båt. Rektor håper at dette skal vera i orden, før sommaren.

Planarbeid: Plan for godt fysisk og psyko-sosialt miljø: Skulen har hatt «mobbeplan» i «alle år.» Skulen arbeider no med ein overordna plan. Planforslaget vil verta sendt ut til FAU-medlemmene., til gjennomlesing. Rektor oppfordrer Fau-medlemmene om å gje tilbakemelding på planforslaget, gjerne på neste FAU-møte.

Handtering av fravær. Inneverande skuleår er fraværsprosenten på ca 4 %. Skulen arbeider med ei rettleiing og der vert handtering av fravær tatt med. Skulen vil sjå på nærværsfaktorar. Skulen har rutiner som vert fulgt. Fau diskuterte om det bør innførast ei felles rutine på skulen, om at foreldra skal gje beskjed til skulen, på morgonen, dersom ikkje eleven kjem, den aktuelle dagen. Rektor tar dette med vidare i arbeidet med planen.

## Sak 37-15/16 Elevrådet.

Ingen var tilstades på møtet. Diskusjon om korleis elevrådet ved skulen fungerer. Trond tar kontakt med Remi, angående dette.

## Sak 38-15/16 Gjennomgang/oppfølging av saker frå forrige møte-referat

Plakat for klasseset vert utsett til neste møte.

## Eventuelt:

- Forslag til sak for elevrådet: Det vert åpna for å søka midler frå Fau. Trond tar dette opp med Remi.
- På siste Fau-møte før sommaren, 6.juni, vil Fau bruke tid på å førebu neste år i Fau, slik at overgangen vert god. Fau vil lage ein felles-mail , der foreldra vert oppmoda om å melde seg som Fau-representantar, før sommaren.
- 17.mai-komitèen: 17.maikomitéen ynskjer å låne 30.000 frå Fau på ungdomsskulen. Det er ok, men komitèen må søkja, formelt, til FAU.
- Bruk av I-pad til spelning ol. I undervisningstimane. Fau vil oppmoda lærarane/skulen om å ta meir kontroll over dette. Trond tar dette opp med rektor, før neste møte. Fau ynskjer at rektor tar dette opp, i første halvtimen, på neste møte.
- Forslag om eventuel strukturendring på Fau-møtene neste år: Starte møtet ein halvtime før rektor kjem, slik at evt. saker kan takast opp med rektor medan dei er ferske. Diskusjon om forslaget, men ingen konklusjon.

**Neste Fau-møter er: 2.mai og 6.juni**

Referent: Magnhild Arnø

